




Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Om gjødslingsplanlegging

Landbruk Nordvest


6. oktober 2015





Forskrift om produksjonstilskot


- § 1 – bidra til eit **aktivt** og **bærekraftig** jordbruk
- § 2 – tilskot til dei som driv **vanleg jordbruksproduksjon**
- § 4 – tilskot til jordbruksareal som føretaket **driv aktivt**





Forskrift om produksjonstilskot


- **§ 11. *Avkorting ved regelverksbrudd***
- Dersom foretaket uaktsomt eller forsettlig driver eller har drevet sin virksomhet i strid med annet regelverk for jordbruksvirksomhet, kan hele eller deler av det samlede tilskuddet som tilfaller foretaket avkortes.
- **Ved brudd på forskrift 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging *skal* tilskuddet avkortes.**





Forskrift om gjødslingsplanlegging

- Gammal forskrift – frå 1999, godt kjend
- Har vore del av Miljøplan trinn 1
- Ny aktualitet pga. ny forskrift om produksjonstilskot med spesifikt krav til gjødslingsplanlegging






Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Forskrift om gjødslingsplanlegging

- § 1. ...gje grunnlag for
 - kvalitetsmessig god avling
 - begrense avrenning til vassdrag
 - begrense tap til luft av næringsstoff frå jordbruksareal






Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Forskrift om gjødslingsplanlegging


- § 2 Forskrifta gjeld **alle føretak** som disponerer jordbruksareal med planteproduksjon og som har rett til produksjonstilskot
- Ingen har automatisk fritak frå krav om gjødslingsplanlegging





Gjødslingsplan


- Meir enn 5 GDE (5 kyr, 35 vfs):
 - Krav om årleg gjødslingsplan
 - Alt jordbruksarealet skal vere med
 - seinast 2. året for leigejord
 - Jordprøvar minst kvart 8. år
 - Oversikt over og forsvarleg fordeling av husdyrgjødsel
 - Detaljert gjødslingsplan pr skifte (kart, areal, forventta avling, type gjødsel...)





Gjødslingsplan


- Årleg plan betyr ikkje at forsøksringen må lage ny komplett gjødslingsplan for alle medlemmer kvart år
- Rådgjevar eller bonde kan notere på gjødslingsplanen for året før dersom der er endringar i type gjødsel, mengde gjødsel, gjenlegg eller andre avvik frå gjødslingsplanen.





Gjødslingsplanlegging


- Forslag: Landbruksrådgjevinga kan gjere gjødslingsplanen betre eigna til å notere på, med linjer eller rubrikkar som enkelt kan brukast for neste års planlegging av bonden sjølv, eller av landbruksrådgjevinga i samråd med bonden
- Enklare for bonden og enklare for kontrolløren





Gjødslingsplanlegging


- Kommunen skal kontrollere at søkjar har gjødslingsplan
- Dersom søkjar legg fram ein tre-fire år gammel gjødslingsplan som kjem rett frå konvolutten, som ikkje ber preg av å ha vore i bruk, og er utan eit pennestrøk, så skal kommunen vurdere om den kan godkjennast





5-årig gjødslingsplan


- Mindre enn 5 GDE:
 - enkel driftsform
 - liten variasjon i arealbruk
 - ekstensiv driftsform – under 75 % av normgjødsling
 - Kommunen kan godkjenne at gjødslingsplanen kan vare i inntil 5 år
 - Må ha tidlegare gjødslingsplan som grunnlag for vurdering





Dispensasjon

- Under 5 GDE:
 - Kommunen kan dispensere frå kravet om gjødslingsplan
 - Svært ekstensiv drift
 - Under 50 % av normgjødsling (kva er normgjødsling i dag?)
 - Må ha tidlegare gjødslingsplan som grunnlag for vurdering





Dispensasjon

- Over 5 GDE:
 - Fylkesmannen kan dispensere frå kravet om gjødslingsplan
 - Svært ekstensiv drift (under 50 % av norm)
 - Kan dette kallast vanleg jordbruksproduksjon?

